



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden



Klar til misjonstur i Thailand

ÅRSMELDING 2017

Årsmeldinga er ikkje uttømmende for alt som skjer i kyrkjelyden. Den omtalar hovudtrekka i arbeidet.



Vedlikehald på
Blomvåg kyrkje
i 2017

3

2-3 Soknerådet og fellesrådet

4 Soknepresten

5-6 Trusopplæring og diakoni

7-8 Kor, ulike aktivitetsområde, tal

Soknerådet sin årsrapport

Øygarden sokneråd har si merksemd mot alt som kan gjerast for å vekkje og nære det kristelegte arbeidet i soknet, særleg at Guds ord vert rikeleg forkynt. Kyrkjelova § 9.

Soknerådet har handsama 30 saker i 2017. Kyrkjelydsutvikling/naturleg kyrkjelydsvekst står fast på soknerådet sin dagsorden. Soknerådet har handsama saker om offer, enkeltarrangement, sommarfest for frivillige og økonomi- og budsjettsaker. I tillegg har soknerådet handsama høyringssaker frå kyrkja sentralt.

Arbeidet i soknet

Gudstenestelivet står sentralt i kyrkja sitt arbeid. Det er i gudstenesta me vert sendt ut til dei ulike oppgåvene i det kristne arbeidet i regi av kyrkja. Det er stor breidde på arbeidet og mange vert nådd med Guds Ord, både born, unge og vaksne.

Gudstenestelivet

Talet på gudstenester ligg fast. Det er variasjon i type gudstenester som gospelgudsteneste, sprell-levende gudstenester og KRIK-gudsteneste om våren. Gudstenestene gir høve til å møte menneske med Guds ord på ulike måtar som t.d. bønnevandring. I arbeidet med kyrkjelydsutvikling (NaMu) er det fokus på inkludering og at menneske som kjem til gudstenestene vert sett. Kyrkjekaffien er tenkt som ein viktig møteplass etter gudstenesta. Alle ber eit ansvar for kvarandre og ikkje minst må ein sjå nye menneske som kjem til gudstenesta. Morgonmessene er eit nytt tiltak som samlar menneske og eit tiltak som må vidareførast.

Fellesskapet i kyrkjelyden

Fellesskapskveldane på våren og om hausten har funne ei form med godt innhald som samlar menneske i eit godt fellesskap. Samlingane engasjerer menneske. Det er eit solid oppbud av frivillige i gjennomføringa. Fellesskapskveldane må vidareførast som eit viktig element i kyrkjelydsbygging og ein stad for å løfte fram Guds Ord som t.d. påskevandringa i 2017.

Trusopplæring

Leirane må løftast fram som eit viktig tiltak i trusopplæringa. Det er mange deltakarar og fleire av leirane gjennom året har maksimal deltaking. Det er eit behov for fleire vaksne leirleiarar. Det er breidde på trusopplæringsarbeidet i Øygarden og stort sett vert alle aldrar dekkja. Det er viktig å ta vare på tiltaka som rekrutterer born og unge inn i kristent arbeid. Her kan nemnast babysong, småbarnssong og søndagsskule.

Diakoni

Diakoni omfattar mykje. Diakonimedarbeidaren er i 50% stilling og må prioritere stramt. Eldretreff, eldretur, sorgarbeid, besøksteneste så langt ein rekk og integreringsarbeid vert prioritert. Det er fullt mogeleg at det er eit udekkja behov, men det er viktig å arbeide godt med det som ein rekk over.

Frivillige uløna medarbeidarar

Kyrkja er avhengig av frivillige uløna medarbeidarar. Det er mange som stiller opp i ulike samanhengar. Når fellesråda vert slått saman vert det behov for enno meir frivilligheit. Frivilligfesten i 2017 samla rundt 70 personar.

Misjon

Kyrkjelyden har misjonsavtale NMS og IMI-kyrkja i Stavanger og har forplikta seg til å bidra med kr 30 000 til kvar av organisasjonane kvart år. Konfirmantane sitt misjonsløp om hausten skaffar til veie store delar av det som kyrkjelyden har forplikta seg til. Kyrkjelyden bidrar også gjennom offer til misjonsarbeidet.

I 2017 reiste ei gruppe ungdomar til Thailand for å oppleve misjonsarbeidet på nært hald.

Givarteneste

Ein del gir fast gjennom året. Det er viktig. Det kjem også ein del større gåver. Det må vektleggast at fast givarteneste vert meir viktig enn før når fellesråda vert slått saman.

Skjergardsheimen

Skjergardsheimen er svært viktig for leirarbeidet i regi av kyrkja. Leirstaden har eige styre og har sitt eige rekneskap og årsmelding.



Fellesskapskveld i Hjelme kyrkje



Dei som skulle til Thailand på misjonstur

Tal for 2017

Folketal i Øygarden
4877

Født
64

Døypte
41

Medlemer i Dnk
80,4 %

Innmelde
2

Utmelde
23

Vigsel
8

Offer til andre
169 326

Offer til eige arbeid
72 994

Givarteneste
107 400

Andre gåver
67 700

Fasteaksjonen
39 000

Misjonsløpet
48 000

Konfirmantar
48

På gudstenestene
8006

Til nattverd
2806

Gudsteneste totalt
87

Soknerådet

Erling Vik, leiar. Tormod Magnesen, nestleiar. Eilert Hellesøy, Øyvind Solsvik, Råmund Skjold, Gisle Kårbø Rong og sokneprest Espen Sigve Tveten. 1. vara Inger Marie Blom Bonifacio, Blomvåg og Bjørg Fjeldstad, Hjelme. Inger Helene Dalen er kommunen sin representant i fellesrådet.

▼ **Soknerådet takkar alle for året 2017, anten som deltakar, frivillig medarbeidar eller løna medarbeidar. Takk til våre samarbeidspartnarar.**

Fellesrådet sin årsrapport

Fellesrådet sitt oppdrag

Fellesrådet sitt ansvar omfattar administrative og økonomiske oppgaver samt tilhøvet til kommunen. Fellesrådet har og eit overordna ansvar for personalet, mål og planar for kyrkja lokalt. Kommunen er representert i fellesrådet. Rådet har handsama 33 saker.

Personale

6,10 % fast stilling (ingen endring frå tidlegare) med tillegg for vikarar. Frå juni vart det ei ordning med felles kyrkjevevje for Fjell og Øygarden og frå september også med Sund.

Leing

Det er kyrkjevevje som er dagleg leiar for fellesrådet og soknerådet si verksemd.

HMT (helse, miljø, tryggleik)

På grunn av langtidssjukmelding er det registrert eit noko %-vis høgt sjukefråvær. Arbeidsmiljøet vert opplevd som godt. Det er høgt fokus på nærversarbeid.

Miljø

Det er ikkje registrert forureining frå kyrkjelege anlegg.

Økonomi

Rekneskapet viser eit **mindreforbruk** på kr 445 000. Lønskostnader er på budsjett men rekneskapstala totalt sett vert påverka av ordninga med felles kyrkjevevje. Øygarden kommune si rammeløyving dekker inn løns- og prisvekst.

Trusopplæringsmidlar

Midlane kjem frå Staten via Bjørgvin bispedømeråd og utgjør ei viktig inntekt. Det er fare for at midlane framover ikkje vil dekke forvente lønsvekst. Det er fordi Staten ikkje aukar tilskotet til Kyrkjerådet.

Planar

Det er ingen planar som er fornya i 2017. Det er fokus på å følgje opp trusopplæringsplanen.

Kyrkjene

I 2017 vart det skifta vindaug i søre vegg på Blomvåg kyrkje. Kledninga vart også skifta. Det er Øygarden kommune som har stått for arbeidet. Det er Øygarden kommune som har stått som byggherre på vegne av fellesrådet.

Rehabilitering av Hjelme kyrkje har vore under planlegging i 2017. Arbeidet er tenkt starta i 2018. Kyrkja skal setjast i stand utvendig og sikrast for mange år.

Det vart kjøpt ny flaggstang til Hjelme kyrkje då flaggstanga knakk i uver.

Gjerdet ved Blomvåg kyrkje er reparert.

Det har også vore vedlikehald på orgela i kyrkjene.

Gravplassane

Det er gjennomført normalt vedlikehald på gravplassane. Deler av muren på Blomvåg nye gravplass rasa ut hausten 2017. Det er ein kostbar affære å reparere muren. Arbeidet er kostnadsrekna til kr 100 000 eks. mva.

Det har vore problem med veglysa på prosesjosvegen til den nye gravplassen i Hjelme. Dette er noko som er tatt opp med installatøren av anlegget.

Det er kjøpt nye stativ for vannkanner og reidskaper.

Reguleringsarbeid

Øygarden kommune har starta eit reguleringsarbeid for Blomvåg-området. Fellesrådet er i dialog med kommunen om kor vidt Blomvåg kyrkje og gravplassane skal inngå i reguleringsområdet.

Øygarden kommune har også med i sine planar område for ny gravplass i Blomvåg.

Gravferder

Fellesrådet har ansvaret for gravlegging av alle menneske uavhengig av tru og livssyn. Det gjennomført 31 gravferder i 2017.

Samanslåing av fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden vert slått saman frå 1.1.2020. Dette fører til fellesrådsområda vert slått saman. Dette arbeidet starta i 2017, under leing av kyrkjevevje Olav Martin Vik.



Hjelme gamle kyrkje skal rehabiliterast



Vindaug og kledning skifta på Blomvåg kyrkje



Personale

Olav Martin Vik
Kyrkjevevje
Kari Sandøy Rong
Kontorleiar
Kåre Kristoffersen
Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb.
Janesh Ameny (perm)
Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb.
Anne Lise Grøm
Kantor
Hogne Berland
Kyrkjelydspedagog
Bjørge Blom
Diakonimeidarbeidar
Kari Solheimsliid (vikar)
Kyrkjetenar
Diana Fjæreide-
Haugetun (vikar)
Kyrkjegardsarbeidar
John Solsvik (vikar)
Organist

Team: sjå side 8

Økonomi

Inntekter
7 497 000

Utgifter
7 012 000

Mindreforbruk
445 000

Lønsutgifter
4 665 000

Kjøp av varer og
tenester
1 747 000

Rammeoverføring frå
kommunen
5 160 000

Tilskot frå Bjørgvin
bispedøme
599 000

Overført frå
soknerådet
152 000

Gravferder
31

Soknepresten sin årsrapport

ved Espen Sigve Tveten, sokneprest



Som menneske er me mest religiøse i 15-års-alderen, og kyrkja må vera på bana.

Konfirmantforeldra vert difor invitert til tre temakvelder om «tru», «håp» og «kjærleik».

Kyrka ønsker å stimulera til at det vart oppretta ulike smågrupper i kyrkjelyden.

Trenden er at ganske mange går til gudsteneste, men dei går ikkje like ofte som før.

Det er likevel verd å merke seg at talet på nattverdgjestar aldri har vore høgare.

Det er stor oppslutning på nye tilstellingar som julefest, fellesskapskveldar og morgonmesser.

«For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve.» Det sømer seg å starte med dette kjerneverset frå Efeserne 2,8. Luther oppdaga på ny sanninga om «Nåden åleine», og i 2017 har me

Lutheråret

I Øygarden har me i Lutheråret gjort ulike ting. I Luthers ånd har me invitert gjestepredikantar til gudstenester, det har vore temagudstenester om reformasjonen, det har vore undervisning om Luther på bibeltimar for vaksne og ungdom, det har vore ei fast spalte i Øynytt gjennom året kalla «Lutherskulen» og det har vore konsert og salmekveld.

Konfirmantarbeidet

Som prest deltek eg aktivt i konfirmantarbeidet, saman med kyrkjelydspedagogen. Det er viktig å sjå dette arbeidet inn i eit stort bilete. Som menneske er me mest religiøse i 15-års-alderen, og kyrkja må vera på banen. Samstundes ønsker me god kontakt med foreldregruppa. Konfirmantforeldra vert difor invitert til tre temakvelder om «tru», «håp» og «kjærleik». Nytt i år er at me har oppretta ei alphakursgruppe for konfirmantforeldre. Det er eit godt konfirmantarbeid i Øygarden med oppslutnad på mellom 80-90% av ungdomskullet. Kyrkja prioriterer og ressursar på oppfølgingsarbeidet, slik som K2 og bibelgrupper.

Smågrupper og husfellesskap

Me må som kyrkjelyd spørja oss om det er lett å finna vener i kyrkjelyden og om menneske vert sett og inkluderte. Her har me alle eit ansvar. Kyrka ønsker å stimulera til at det vart oppretta ulike smågrupper i kyrkjelyden. Me trur at mindre fellesskap er gode arenaer for fortrulegheit og varme relasjonar. Det er flott å sjå at nokre smågrupper er starta i løpet av dette året. Eg har oppretta og styrer ei gruppe for leiarar av slike fellesskap.

Kyrkjens stilling

Gudstenedeltakinga for kyrkja i Øygarden gjekk samla sett noko ned i 2017. Det er mange ulike aktivitetar som kjempar om plassen i kyrkjetida. Trenden er at ganske mange går til gudsteneste, men dei går ikkje like ofte som før. I tillegg har ein krevjande kyrkjesituasjon gjort at mange har meldt seg ut eller valt andre forsamlingar for sitt engasjement. Oppslutninga om dåp har og gått ned dei siste åra. Det er likevel verd å merke seg at talet på nattverdgjestar aldri har vore høgare, og meir aktivitet enn før er spreidd på andre dagar

markera at det er 500 år sidan reformasjonen starta. Både som einskildmenneske og som kyrkjelyd lever me i og av Guds nåde.

enn søndagen. Det er stor oppslutning på nye tilstellingar som julefest, fellesskapskveldar og morgonmesser.

Som sokneprest vil eg til slutt få takka stab og frivillige for godt samarbeid i året som ligg bak. Eg sporar glede og takksemd for kyrkja frå menneske eg møter i ulike samanhengar. Må Gud sjå i nåde til oss i alt det som ventar oss i tida framover.



Julefesten 2017



Mange ungdomar frå Øygarden på leir i Sætervika



Frå frivilligfesten på Kystmuseet



Ungdomar på misjonstur i Thailand

▼ **159 registrerte frivillige medarbeidarar**

▼ **8006 deltok på gudstenestene. 2806 gjekk til nattverd i 2017**



Vi måtte difor tenkja på andre løysingar og tilsette seks ungdommar i deltidsstillingar mellom 10 og 20 prosent.

Alle dei seks deltidstilsette har gjort ein strålende jobb og har vore ein stor ressurs i arbeidet i år.

Vi fekk sjå misjonsarbeidet på nært hald og møtte mange flotte menneske. Vi håpar og trur at denne turen har sett spor som vil forma val og prioriteringar i framtida for ungdomane våre.

Frå hausten er det mellom 12 og 20 deltakar på K2-samlingane.

Vi trur K2 er ein bra måte å ta eit steg vidare etter konfirmanttida.

Leirane er svært populære og både born og foreldre gjev stort sett berre positive tilbakemeldingar. Det er særleg gledeleg at allereie på 3. og 4. klasseleirane er langt over halvparten av kullet i kommunen med på leir.

Eg vil starte med å rette ein stor takk til alle som driv kristent barne- og ungdomsarbeid i kommunen vår. Mange er engasjert som leiarar og hjelparar i lag, kor og på leir. I kvart møte med borna og ungdomane er moglegheita der for at dei får eit glimt av kven Jesus er. Saman

Unge medarbeidarar

Til hausten i 2017 fekk vi ingen søknadar om å arbeide i ungdomsteamet vi har saman med Norsk Luthersk Misjonssamband. Vi måtte difor tenkja på andre løysingar og tilsette seks ungdommar i deltidsstillingar mellom 10 og 20 prosent. Lill Grete Stranda og Lydia Sandøy Rong studerer i Bergen. Dei har hatt særleg ansvar for konfirmantane og dei som går på K2 og bibelgrupper. Synnøve Algrøy Fjeldstad, Petter Rong, Suzanne Mari Rommetveit og Cecilie Borsholm Vik har vore med på nokre leirar kvar. Suzanne og Cecilie har i tillegg vore med på Plussklubben og hatt ansvar for ei bibelgruppe med konfirmantjentene. Desse fire bur i Øygarden og har saman med fleire eldre ungdommar også brukt mykje av fritida si i arbeidet. Alle dei seks deltidstilsette har gjort ein strålende jobb og har vore ein stor ressurs i arbeidet i år. Frå hausten 2018 søkjer vi på nytt etter team slik vi har hatt tidlegare år.

Thailand-tur

Eit høgdepunkt i 2017 var misjonsturen til Thailand i haustferien. 15 av dei eldre ungdomane i ungdomsarbeidet vårt var påmeld. Saman med vaksenleiarar Espen Tveten, Kate Solsvik og Hogne Berland fekk alle ein uforgløyemeleg tur med mange sterke inntrykk. Vi vitja både hovudstaden Bangkok og området der Espen og familien var misjonærar i 7 år. Vi fekk sjå misjonsarbeidet på nært hald og møtte mange flotte menneske. Vi håpar og trur at denne turen har sett spor som vil forma val og prioriteringar i framtida for ungdomane våre. Vi har ikkje berre eit ansvar for å nå dei næraste rundt oss med evangeliet og Guds omsorg. Oppdraget går til enden av jorda. Ungdomane som var med betalte halvparten av turen i eigenandel. Resten av pengane vart samla inn gjennom dugnadsarbeid og støtte frå ulike hald. Både Øygarden kommune og lokale bedrifter var med og sponsa turen.

K2

Frå hausten er det mellom 12 og 20 deltakar på K2-samlingane. K2 er Kyrkja i Øygarden sitt tilbud til dei som går i 10. klasse. Opplegget består av ei samling i månaden med undervisning og samtale i grupper.

kan glimta verta eit meir og meir klårt bilde. Målet må vera at alle borna og ungdomane våre får sjå at dei treng Jesus for tida her og evigheita. Her følgjer nokon glimt frå arbeidet i Kyrkja i Øygarden i året som har gått.

I tillegg kan dei vera med som leiar på leir eller ha annan praksis i kyrkja. Deltakarane får også tilbod om mentorsamtalar i løpet av året. Vi trur K2 er ein bra måte å ta eit steg vidare etter konfirmanttida.

Leirane

Kyrkja arrangerer kvart år 8 leirar på Skjergardsheimen. Leirplassen er svært godt drive av dei tilsette der og legg ei god ramme for leiararbeidet vårt. I tillegg kjem konfirmantleir og Plussklubben sin leir i Sætervika. Leirane er svært populære og både born og foreldre gjev stort sett berre positive tilbakemeldingar. Det er særleg gledeleg at allereie på 3. og 4. klasseleirane er langt over halvparten av kullet i kommunen med på leir. Etter at trusopplæringsplanen er sett i verk har det også vorte meir system på kva som vert undervist på kvar leir. Kvar leir har faste tema og opplegg. Med 12-14 leiarar på kvar leir, er behovet for leirleiarar stort. Sidan vi frå hausten ikkje har hatt eit team som er fast med på alle leirane har det vore bruk for fleire frivillige leirleiarar enn normalt. Dette har løyst seg ganske greitt, mykje takka vere mange flinke, unge leirleiarar. Ungdomane som deltek fast på K2 har alle vore med som leiarar, i tillegg til ein del konfirmantar og mange eldre ungdommar. Nokre foreldre har også stilt opp på fleire leirar, noko vi er svært takksame for!

Bøneemner

- At born og ungdom i Øygarden får ei levande tru på Jesus.
- At dei kan få stå trygt på grunnsanningane i Bibelen i ei verd med mange inntrykk og stemmer som sloss om merksemda deira.
- At vi får nok leiarar i barne- og ungdomsarbeidet vårt.
- At Gud viser oss dei rette måtane å arbeide på og at han hjelper oss å prioritere rett.
- At vi må få nye, flinke ungdommar i team frå hausten 2018.



Konfirmantar på leir i Sætervika

▼ **296 på leir på Skjergardsheimen**
31 på Pluss-leir i Sætervika

Diakoni

ved Bjørg Hindenes Blom, diakonimedarbeidar



Så er det tid for årsmelding, og eit tilbakeblikk på 2017. Oppgåvene mine har stort sett vore som året før.

Besøkstenesta

Mange fine stunder fekk eg rundt i heimane der eg kom. Av naturlege årsaker, er nokre ute av lista vår, men nokon får faste besøk framleis. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du, eller andre du veit om ynskjer besøk! Nokre frivillige er og med i denne tenesta.

Eldretreff

Det vart halde 9 samlingar for Hjelme sokn, og det same for Blomvåg sokn. Me hadde og ei fellessamling i desember. Dei frivillige som er med, gjer ein flott innsats! Med variert program og spennande gjestar, har det blitt mange trivelege stunder. Me ynskjer fleire nye pensjonistar med oss!

Busstur

Den årlege turen hadde me 14.juni. Denne gongen til vakre Hardanger, nærare bestemt Norheimsund. Der vitja me Fartøyvernsenteret og Vikøy kyrkje. I kyrkja vart me møtt av øygingarden og prest Lars Arne Vik. Siste stopp var Thon hotell Sandven, der me fekk ein god lunsj. På veg innover hadde me og ein kaffistopp på Bjørkrheim. Takk til alle gode hjelparar som var med oss denne dagen!

Innvandrararbeid

Kvar måndag er eg på språksprell for innvandrarar, på gamle Toftøy skule. Det er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen og NAV. Dei som går på norskopplæring, treng øving i å snakka det vanskelege norskspråket! Her er fleire frivillige med, men me treng nokre till! Dette er ein flott måte å bli kjent på! Kom og ver med, på Toftøy gamle skule, måndagar kl.13.00-14.15. Nokre av desse har eg blitt betre kjend med ved besøk i heimen. Stundom saman med andre frivillige.

PDU (Prostidiakoniutval)

Dette er eit fint og viktig samarbeid mellom diakonane i prostiet. Me har ansvar for: TEMAKVELD i november. Mange var samla 16.november i Foldnes kyrkje, for å høyra Liv Ingrid Svella fortelja om sorgens ulike ansikt. Denne kvelden fekk me lytta til vakker musikk ved Vidar Eldholm og Trygve Hellesten. Det vart og innvitert til sorggrupper.

Sorggruppe

starta opp i desember, og skal halda fram utover

vinteren. For mange er det godt å koma saman med andre som har mista nokon, og dela tankar og opplevingar ikring dette.

Samlivskurs

(Prep-kurs) har det ikkje vore i 2017, då interessa har vore for låg. Me prøver å få til ei bruddgruppe til våren. (Det er samtale gruppe for dei som har opplevd samlivsbrot). Kurs/seminar: Nokre diakonisamlingar har eg fått vore på, der ein tar opp ulike tema omkring diakoniarbeidet. I september var eg, saman med nokre frivillige, på kurs på Haraldsplass. Der var temaet kommunikasjon med dei eldre. Eg har og vore på eit seminar om kyrkja og flyktningesituasjonen.(Arrangert av Bispedømmekontoret.)

Så er det spennande med eit nytt år og nye oppgåver. Me har det beste å gå med: Evangeliet om Jesus, frelsaren, som kom for oss alle! Guten med nistepakka gav den til Jesus, og Han velsigna den slik at det vart mat til mange. Det me har fått skal me og få gå til Han med. Så blir det til velsigning både for oss sjølve, og dei me møter på vår veg! Lukas kap.9, vers 16-17.

Besøksteneste
Ta kontakt med kyrkjekontoret om du, eller andre du veit om ynskjer besøk

Eldretreff
Me ynskjer fleire nye pensjonistar med oss!



Komitemøte for eldreturen 2017



Eldreturen gjekk til Hardanger med besøk m.a. på Fartøyvernsenteret

Kyrkjemusikk, kor

Kantor var sjukmeldt store deler av året 2017. Dette førte til at Øygardskoret og Barnekantoriet ikkje var i funksjon i den perioden.



Luther-konsert hausten 2017

Det var Martin Luther som stod i sentrum då Sotra Reviderte frå Fjell, Øygardskoret frå Øygarden og Sangkompaniet frå Sundmøttest til salmefest i Blomvåg kyrkje i oktober i den første av tre konsertar i dei tre kommunane. Alle salmane i programmet denne kvelden var salmar som Luther hadde skrive eller omsett til tysk.



7-jentene på konsert med barnekoret Lyskastaren i Blomvåg kyrkje

Seven-jentene var på besøk i Blomvåg kyrkje i oktober. Konserten var i regi av barnekoret Lyskastaren. Dei song også i lag med Seven-jentene.

Lyskastaren har øvingane sine på Vik bedehus. Dei syng også på nokre sprell levande-gudstenester i Blomvåg kyrkje



Gospel teens

Gospelteens er eit kor for born og unge i Øygarden Kommune frå 5 klasse og oppover. I 2017 har medlemmane vore både frå mellomsteget, ungdomsskulen og frå vidaregåande skule. I gjennomsnitt har det vore 35 stk. på øvingane våre i løpet av året. Gospelteens har framleis øvingar annankvar tysdag i Blomvåg kyrkje frå kl. 17.30 til 19.30. Me startar alle øvingane med andakt og bøn, og avsluttar med kveldsmat, og ei sosial stund rundt bordet.

Koret deltek på ulike gudstenester, møter og arrangement i Øygarden kommune. Vårt håp og vår bøn er at borna-/ungdomane i Gospelteens skal verta kjent med Jesus, knytte gode venskap og verta bevart i trua på Jesus.

▼ **21 institusjonsandakter. 30 husbesøk frå diakonitenesta. 698 elevar på gudstenester**

▼ **Takk til Skjergardsheimen for godt samarbeid om leirane i regi av kyrkja**

Babysong og småbarnssang

Babysong

På babysong syng me vanlige små barnesongar og regel. Ein del kristne og nokre som klappe-klappe-søte osv. Me avsluttar med å tenne lys i lysgloben for kvar av borna og be bøna: Kjære Gud ta handa mi., og syng velsignelsen. Så et me medbrakt lunsj i sideskipet etterpå. Kari B. Solheimslid har vore med og hjulpet til hausten 2017.

På våren var det veldig bra frammøtte med eit gjennomsnitt på 9 babyar på kvar samling. På hausten var nokre blitt så store at dei gjekk over til Småbarnssongen, og det kom ikkje så mange nye til. Då var det eit gjennomsnitt på 4 kvar gong. Me hadde fått spørsmål frå Tednebakkane om babysongen ville koma der til å ha ei samling. Det syns me var spennande. Så den 23. okt var me 9 babysongarar som hadde ei vanlig samling, men på Tednebakkane med dei gamle som tilhøyrarar og sjåarar. Det var veldig kjekt for alle. Og me vil prøve å få dette til ein gong i halvåret.

Småbarnssong

Småbarnssongen er eit opplegg for born frå 1- ca 3 år. Hjå oss er det born frå 1 – 5 år. Her syng me både kristne barnesongar og



andre barnesongar og regler.

Avsluttar samlinga med å tenne lys i lysgloben og be bøna vår som på babysong, og syng velsignelsen. Medbrakt kveldsmat etter samlinga. Har vore godt å ha Kari B. Solheimslid, frå hausten av, som har hjulpet til med tillaging av kaffi, te og saft, rigging og rydding, og til å styre sangene på mobilen. På våren var Christopher Ameyna med og hjalp til. Det har vore godt frammøte heile året med rundt 20 born kvar gong (25 på det meste og 16 på det minste). På småbarnssong er det fleire søsken som er med med, og mange har både mor og far med seg, og nokre har bestemor med.

Den 27. november var me med på gudstenesta i Blomvåg og song. Det var stor stas, spesielt å få syng i mikrofon.

Ansvarleg for tiltaka er: Kari Sandøy Rong. Medhjelpar er Kari Bekkenes Solheimslid.

Samanslåing av fellesråd



Kommunane Fjell, Sund og Øygarden skal slå seg saman frå 1.1.2020. Som følge av dette vert også dei kyrkjelege fellesråda slått saman med verknad frå same dato. Prosessen med å slå saman fellesråda har starta. Denne prosessen er svært lik den kommunale prosessen. Sokna består etter samanslåinga og arbeidet i soknet vil gå som normalt

i samanslåingsprosessen. Det ein må gjere i Øygarden er å ta stilling til om ein skal ha 1 eller 2 sokneråd. Dagens sokneråd har rådd til at det vert 1 råd i «gamle» Øygarden. Det som også vert viktig å diskutere er korleis ein skal organisere arbeidet lokalt frå og med 2020, i høve til dei tilsette i det nye fellesrådsområdet.

ØyNytt

ØyNytt kjem ut med 6 nummer i året. Bladet har fokus på å nå ut med Guds ord, informasjon om arbeidet i regi av kyrkja og aktuelt stoff frå lokalsamfunnet.

Kyrkjevevja er redaktør og kyrkjestaben er aktivt med i arbeidet med stoff til bladet. Ottar Vik og Gerhard Vik leverer jamnleg aktuelt stoff til bladet.

Team

Ein fekk ikkje til ei ordning med team slik det har vore dei siste åra. Dette vart løyst ved at fleire ungdomar lokalt kunne jobbe i deltidsstillingar i barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja for skuleåret 2017/2018. Fire av dei fylte 18 år i 2017 og har allereie lenge vore med i ulike leiaroppgåver på leir, lag og ungdomsklubb. Dei fortel at arbeidet i Øygarden har vore viktig for deira eiga tru.



F.v. Synnøve Algrøy Fjeldstad, Petter Rong, Suzanne Rommetveit og Cecilie Borsholm Vik. Til høgre oppe: Lill Grete Stranda og Lydia Sandøy Rong.

